

Håpar alle har hatt ein flott haustferie med mykje moro! - No kjem snart Halloween!!

Nyheiter: Utruleg at endå kulturskulen i år kan telja fleire elevar trass mindre resursar frå hausten 2025. Dette skyldst danseundervisninga i grupper. Kapasiteten er no sprengd og me tek ikkje opp fleire elevar, unntaket er sjølvstags dersom ein sluttar. Ca. 30% av alle barna i Vik går i kulturskulen som viser at me er eit viktig kommunal tilbod. Kulturskulen har likevel per d.d. 17 elevar på venteliste i musikk og song.

Me har jobba mykje med om korleis me kan organisera undervisninga frå hausten.

Det vart slik: **Dans** - frå hausten har Astrid Time teke over 1. og 2. kl., Eivor har resten av gruppene.

Musikk - frå hausten tok Hege Strømme over musikkundervisninga i Feios for å letta litt på trykket i Vik.

Me er takksame for at Hege fekk ein varm velkomst i Feios!

Song - Me går over frå online til fysisk undervisning. Marianne frå Gaupne underviser i Leikanger barneskule frå hausten kvar andre veke.

Tema i år.

I år kulturskulen ønskjer å satsa på film. Musikk frå ein film, song frå ein film, dansemusikk frå ein film.

Våren 2026 arrangerer me ei film-førestilling. Dette blir spanande å sjå!

ARRANGEMENT haust 2025:

21. oktober kl 19.00 - «Grieg i Sogn» - Årdal kyrkja

28. oktober kl 19.00 - Me spelar i biblioteket

25. november kl 19.00 - Me spelar i Bibliotek

28. november kl 13.00 - «Grieg i Sogn» VHO (DKSS)

5. desember kl 14.30 - Adventskonsert i VHO

10. desember kl 16 - 20.00 Vangsnes - Juleverkstad for kunstelevar

17. desember kl 18.00 - «Buorit Jouvlat» Lokale juleavslutningar, Fresvik, Vik.

20. desember kl 14.00 - «Me dansar Julen inn» - Amfien, Flatbygdi

Happy Halloween frå Eivor, Astrid, Oddrun, Brit Eli, Marianne, Mona, Hege og Dora!

